

Årsmelding for Skodvin Skulemusikk

18.08.15 – 19.06.16

Desse har vore i styret:

Leiar: Kjellaug Seljelid Feste

Nestleiar: Monica Rydland

Kasserar: Kjellrunn Heggernes

Skrivar: Terje Fyllingsnes

Medlem: Manuela Springer

Vara: Johannes Torsvik

Vara: Charlotte Grimstad

Valgkomite: Øyvind Feste og Johannes Torsvik

Revisorer: Toril Ones og Rolf Seljelid

Materialforvaltar: Åge Reigstad

Uniformsansvarlig: Ann-Christin Kaland

Noteforvalter: Stein Erik Ones

Dirigent for korps og aspirantar har for sesongen 2015/2016 vore Henning Anundsen.

Møter:

Me har sesongen 2015/2016 hatt 3 styremøter og 2 medlemsmøter.

Medlemmer:

Ved sesongstart talde korpset 23 musikanter, Musikanter: Sigve Feste Eb tuba, Magnus Fyllingsnes Eb tuba, Andreas Torsvik Euphonium, Ingunn Feste baritone, Rebekka Vabø Baritone, Andrea Kvalvåg bariton, Fredrik Eliassen slagverk, Elisabeth Torsvik 1.trombone, Malin Jektvik 2.trombone, Elise M. Reigstad Basstrombone, Johannes S.Larsen Flygelhorn, Mareike Springer 1.horn, Nina V Reigstad 2.horn, Laurits S. Larsen repiano/2.kornett, Sander Torsvik 2.kornett, Tobias Rabben Nilsen 3.kornett, Even Grimstad 3 kornett, Sunniva Fønnes solokornett, Henrik Anundsen solokornett, Håvard Ones solokornett, Mali Ones solokornett, Kristian Eliassen Eb kornett.

Eirik Ones, Caroline Solberg og Terje Kvalvåg måtte gje seg på grunn av alder i juni 2015. Malin Jektvik slutta av eige ynskje.

Sunniva Fønnes frå Kaland som var med SSM til NM i fjor begynte fast i Skodvin frå 2016.

Caroline Solberg solohorn og Malin Jektvik kom tilbake til korpset og var med frå hausten 2015 og ut sesongen.

Terje Kvalvåg slagverk og Caroline Solberg solohorn var med i NM. Dette sidan det kan søkes dispensasjon for to musikanter som er eldre enn aldersgrensa til NM.

Ingen slutta i korpset i løpet av sesongen.

Aspiranter:

Dette året starta vi med 4 aspirantar: Henrik Steinsund Skeidsvoll, Merily Michelle Salumae, Bendik Lunde/Rognaldsen og Victor Ramsdal. Alle starta i korpset.

På før Sotrakonserten blei dei presentert for både korps og publikum.

Dei var med på seminar før Sotra og Hordablæsten (søndagen)

3 av aspirantane deltok på aspirantseminaret på Hordablæsten.

Julekonserten, basaren og nokre av pizzakveldane var dei og med på.

Kurs:

Deltagara på Feriespelet til EBML i Knarvik 28. - 31.07.16: Kristian, Ingunn, Mali, Håvard, Henrik A, Henrik S, Elisabeth, Andreas, Elise, Sander

Øving/ seminar:

- 18.08.15 Første øvingsdag
- 11.-13.09.15 Høsttur / Seminar til Modalen
- 14.-15.11.15 Øvingshelg til Sotrafestivalen
- 04.01.16 Første øving etter juleferien
- 21.03-01.04.16 Vinterferie og påskeferie
- 04.04.16 Første øving etter vinterferie
- 05.04.16 Ekstraøving før Hordablæsten
- 08.04.16 Ekstraøving før Hordablæsten
- 11-12.06.16 Øvingshelg før NM
- 17.06.16 Siste øving før NM på Auglend skole i Stavanger v/Rune Hauge

Kjøp av instrument

Dette året har vi kjøpt inn ein Bb Bass med midlar tildelt frå instrument fondet (50.000 kr).

Korpset har delteke på desse konkurransane:

21. november - Sotrafestivalen på Bildøy.

Korpset vart nr. 4 i 2. divisjon. 94 poeng

Program:

- Slaidburn av William Rimmer
 - Bugler's Holiday av Leroy Anderson
- Med tre solister på kornett: Mali Ones, Håvard Ones og Henrik Anundsen
- A North-Norwegian Fantasy av Torstein Agaard-Nilsen

Vi stilte med ein solist i denne konkurransen:

- Laurits S Larsen

Vi stilte med ensemble i denne konkurransen:

- Kristian, Mali, Andreas og Ingunn

10. april Hordablæsten i Grieghallen.

Korpset vart nr 1 i 2. divisjon. 95 poeng.

Program:

- Oregon av Jacob de Haan

Kornett gruppa til Skodvin fekk pris for beste instrument gruppe i 2.div. brass.

Vi stilte med ensemble i denne konkurransen bestående av: Kristian, Mali, Andreas og Ingunn

Vi hadde og med solistar: Nina, Kristian, Laurits og Elise

På festkonserten var det tildeling av midler ifm Korps på friluftstur der Skodvin var et av korpsa som fekk tildeling.

18. juni. NM Stavanger

Plassering: 1 plass i 2. divisjon. 97 Poeng

Program: The Journey of Philias Fogg av Peter Graham

Andre konsertar og arrangement:

- 29 september Konsert på Lindås ungdomsskule saman med Lindås Musikklag og Lindås Skulekorps.
- 23 oktober Konsert arrangert av SSM med Eikanger Bjørsvik Musikklag i ungdomshuset Dalheim. På konserten fekk Skodvin skulemusikk utdelt Magnus Midtbøs korpspris 2015 v/Viggo Bjørge. Skodvin vart tildelt kr 15.000,- til prosjektet Kick 2015 som har hatt som mål å løfte opp og fram den enkelte musikant for vidareutvikling av korpset.
- 25 oktober Kulturkveld i regi av Strilaringen.
- 15 november Før sotrafestivalkonsert m/utlodding og kaffikos.
- 27 november Speleoppdrag på julegateopningen i Lindås senter
- 17 desember Julekonsert i Hundvin Kyrkje. Andre aktørar: Lindås Gutekor og Lindås Songlag. Vegard Feste var og med og Henning Anundsen hadde soloinnslag. Svigerfar til Vegard hadde ord for dagen. På julekonserten vart det overrekt 70-års gåve til korpsets tidligare dirigent Knut Harald Rydland. Gåva var salmen «Det er makt i dei foldede hender» arrangert av Frode Rydland og med økonomisk støtte frå Nils Arne Træland.
- 20 desember Speleoppdrag for en liten SSM gruppe på aldersheimen på Lindås
- 24 desember Tradisjonell speling på julegudstenesta
- 21.februar Jubileumskonsert i ungdomshuset Dalheim
27. februar Speleoppdrag på Vi over 60 fest i ungdomshuset Dalheim
13. mars Basar m/konsert i ungdomshuset
14. mars Konsert i Salhushallen saman med Salhus musikklag og Mjølkeråen Skolekorps
07. april Før Hordablæsten konsert på Fammestad saman med Kløvheim Skulekorps
21. april Konsert saman med Lindås Brass, Tertnes Amatør og Seim Musikklag i ungdomshuset Dalheim.
04. mai Korps på friluftstur til Straumsneset og to innlagte konserter
- 17 mai Tradisjonell 17. mai speling
- 16 juni Før- NM-konsert i Ungdomshuset Dalheim saman med Sæbø Skulemusikklag og Exganger kvintetten.
- 19 juni Mottagelse av NM vinner for 2.Div Brass: Skodvin Skulemusikk v/ungdomshuset Dalheim av bygdefolk og andre frammøtte.

Turar:

- Høsttur til Modalen
- Tur til Fyllingsdalen teater «Doktor Proktors prompepulver» som godtgjørelse for lån av gamle instrumenter til forestillingen. Samling på pizzarestaurant etter forestilling.
- NM i Stavanger

Dugnader:

Notesortering i NMF sine lokaler i Bergen.

Dugnadsoppdrag på Knarvik Mila, pakking av deltagarposar.

Servering på Vi over 60 festen i februar, samarbeid med ungdomslaget.

Ellers har basaren, sal av adventskalendarar, Ullmax og lefser på julemessa gitt oss kjærkomne inntekter. Til slutt vil styret takke musikantar, foreldre, dirigent og alle andre støttemedlemmer for svært flott innsats og godt samarbeid i sesongen 2015/2016.

Sesong 2015/2016 har fungert bra besteningsmessig.

Dugnadsinntekt har vært nok til å få hjulene til å gå rundt, men ikkje romsleg.

Utfordringa til SSM er som dei siste åra, å greie å halde på medlemmane samstundes som ein greier å rekruttera nye aspirantar til korpset. I fellesskap skal vi greie dette, slik at SSM vidare skal være ein attraktiv, utviklande, lærerik og kjekk fritidsaktivitet å halde på med, både for musikantar, foreldre og andre støttespelarar.

Styret